

Når alle kjøper seg ut av dugnaden

Dersom velferdsstaten var ein dugnad, er den i ferd med å forvitte i mangelen på oppmøte.

Velferdsstaten har ofte vore samanlikna med ein dugnad. Men kva skjer om den vert så upopulær at ingen møter opp? Då må det bestillast inn dyre entrepenørar til jobben. For dei som har råd til å kjøpe seg fri, fungerer det. Men kva skjer med sjølve dugnaden?

Kan kommunen verte for upopulær?

Utviklinga gjer at velferdsstaten må kjøpe inn stadig meir hjelp til marknadspris. Det er dyrt og enno meir upopulært. I Noreg – eit av verdas dyraste land – blir velferdsdugnaden vår dermed fanga i ein vond sirkel med høge marknadsprisar som skal betalast med fastlåste og knappe, statlege rammeoverføringar. Då blir det ubalanse – først i urealistiske budsjett, så i rekneskapen, og verst av alt – i tenestene. Spesielt middelklassen trekker seg ut av dugnaden fordi den ikkje gjev dei noko. No skal kommunene ta ned forventningane til eigne tenester i håp om å spare pengar. Slik forvittrar dugnadens omdøme i takt med stadig fleire brotne forventningar. Til slutt er stat og kommune så upopulære at det fører til radikalisering og kjappe, populistiske løysingar.

Eit døme før vi går vidare. Siste helga i mai feira ein vikingsetet på Hjørungavåg med klapp på skuldra frå kommune, fylke og staten sjølv. Nyleg påviste fylkesarkeolog Arve Eiken Nytnun at bygda har oppretthalde lokalsamfunnet sitt med landbruk og næring i 5 500 år. Det stadfestar at Hjørungavåg «... må ha vore ein svært sentral stad opp gjennom hundreåra – ja, årtusena,» seier forskaren. I dag er folketalet i bygda mange gongar høgre. Industrien eksporterer for hundrevis av millionar i året. Dei har om lag hundre elevar i skulen og eit av dei største landbruksareala i produksjon på øya. Bygda ligg i le med utsikt sydover mot Sunnmørsalpane og er ein idyll. Men ikkje ein idyll for alle. For dei som har kjappe, populære løysingar for velferdsstaten skal slike stader sentraliserast. Og før du stiller spørsmålet om kvifor ein skal øydelegge noko som bevisleg fungerer utmerka, kan du også stusse på om det går an å sentralisere dette utan at verdiane det har representert i 5 500 år berre forsvinn. Dei gjer jo det – kvar dag, over heile landet.

Kan kommunane ta “fleire grep?”

Trass i at logikken manglar, kvernar denne retorikken vidare. Slik som då Erna opna valkampen sin i Ulstein ved å lova at dersom ho vart vald, ville ho premiere dei kommunepolitikarane som «tek grep.» Same sa statsforvaltaren sist ho knytte neven frå talarstolen. Det er ikkje betre på venstresida der kommunal- og distriktsminister Kjersti Stenseng svarar at “pengar kan ikke være svaret på alt” i møte med kommunar som etterlyser eit snev av realisme. Det er jo statsråden som ikkje torer å “ta grep” og gjere vanskelege val når ho ber kommunane «finne løsninger innenfor eksisterende rammer,» og er røyndomsfjern nok til å avvise at dette bidreg til at kommunane forvittrar på deira vakt. Og så har du KS som reiser rundt med programmet sitt om å få ned «forventningane» til velferdsstaten. Den destruktive retorikken tærer på dugnadsånden i suksessbygdene. Vil den nordiske modellen overleve «fleire grep?» Vedum vann stort på reformkaoset i førre val, men greidde likevel

ikkje å få gjort noko med utviklinga. Nokre dagar før jern-Erna sprada gjennom Vik, vitja Vedum ei anna verdfull og sentral suksesshistorie, Haddal. Han kunne drege til Leikong, Moltu, Vartdal, Bigset, Gjerdsvika, Hjørungavåg, osv. Er den «nye forventninga» at alt skal bort, eller er der ei grense?

Kan kommunane forvente at alle tek del?

KS, Staten og sentrale politikarar ber kommunane å "ta ned forventningane." Dei opererer i tråd med det professor Christian Lo ved NORD universitet peikar på i kronikken *Ryker forventningene, ryker velferdsstaten*. Han skriv at sjølve trusselen mot velferdsstaten ikkje er "dei mange sjuke" eller "dei unge utan vitnemål," men at middelklassa ikkje lenger trur at fellesskapet gjev dei noko att. Då trekkjer dei seg ut – og svekkjer fellesskapet ytterlegare. Lo viser til den danske sosiologen Gøsta Esping-Andersen som i si klassiske bok om velferdsmodellar viste at den nordiske velferdsmodellen kviler på tillit – og ikkje minst – at vi alle tek del.

Kan kommunane effektivisere?

Økonomisk effektivitet kviler på ei importert, nyliberal myte om at tenester blir billegare i ein butikk-modell. Butikk/hushaldnings-bilete er lett å misbruke og blir fort epler og pærer. Jordbæra er ikkje alltid rimelegare hjå Coop enn hjå den lokale frukthandlaren på hjørnet, rapporterte TV2 sist veke. Myten slår sprekker. Skal vi tru det professor Bernt Sofus Tranøy ved Handelshøgskolen på Rena viser i *Markedets makt over sinnene*, har nokre blitt fanga av ein «marknadsfundamentalisme» som får operere utan motstand, fordi den utgjev seg for å vere både rettferdig og effektiv. Men det er den ikkje – verken for dei som får minst, eller for dei som betalar mest.

Kan kommunane drive forventningsavklaring?

Når tenester vert behandla som hyllevare frå eit sentrallager – utan at kommunen har kontroll over prisen, og innbyggjarane samstundes har lovfesta rett til tenesta uansett – då får ein eit reknestykke som aldri vil gå opp. Resultatet er at folk ikkje går på dugnad lenger, så derfor tyr fundamentalistane no til ei «forventningsavklaring.»

Nyorganiseringar for å halde nede pengebruken i offentleg sektor kviler ofte på ei blanding av mytiske, importerte og feilplasserte forestillingar og forventningar om kva ei reform skal innebære. Det vi er vitne til no, er ei gjennomgåande strukturell endring som saman med ei god dose politisk populisme til slutt vert irriversibel.

Løft blikket og sjå at i mange vestlege og (enno) tilsynelatande demokratiske land slit dei med demokratiet fordi dei gløymde velferdsstaten. Folk både i Europa og USA som vert svikta av staten, mister til slutt trua på sjølve demokratiet. Ryk velferdsstaten, ryk demokratiet.

Kristian Fuglseth

Førstelektor ved Avdeling for mediefag, Høgskulen i Volda